

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Steinulf Skjerdal
Arkivsaksnr.: 13/2245

Arkiv: S11

Søknad om løyve til bygging av Ugulsvik Kraftverk

Rådmannen si tilråding:

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Luster kommune syner til saksutgreiinga med vurdering og tilrår at det vert innvilga konsesjon for bygging av Ugulsvik Kraftverk med tilhøyrande elektriske anlegg.

Av omsyn til landskapsbiletet bør det setjast som vilkår for konsesjon slepping av minstevassføring lik 5-persentilen både sommar og vinter.

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Saksutgreiing:

Prenta vedlegg: 1. Oversendingsbrev frå NVE datert 21.08.2013
2. Oversiktskart

Uprenta vedlegg: [Søknad om konsesjon](#)

Samandrag:

Luster Småkraft AS har søkt NVE om løyve etter vassressurslova § 8 til å byggja Ugulsvik Kraftverk og etter energilova om løyve for elektriske anlegg i kraftverket og høgspennet overføringsanlegg for samankopling med eksisterande 22 kV linje.

Kommunedelplanen for små kraftverk i Luster plasserer vassdraget i «gul konfliktsone». Dette betyr at det i området finst sterke interesser som må takast omsyn til ved bygging av kraftverk.

Desse interessene knyter seg først og fremst til landskapsbiletet. Elva er godt synleg frå FV 337 frå Ugulsvik og innover og fråføring av vatn frå det naturlege elvelaupet vil merkast. Den planlagde tilkomstvegen for legging av nedre del av røyrgata vil også visa att, det same vil sjølvne røyrgata gjera, særleg den delen som ikkje vert nedgraven.

Som avbøtande tiltak føresler søkjar ei minstevassføring lik alminneleg lågvassføring heile året. Rådmannen meiner dette er for lite og tilrår at det må setjast krav om minstevassføring lik 5-persentil sommar i perioden 1/5-30/9 og 5-persentil vinter i perioden 1/10-30/4.

På andre område enn det som har med landskapsbiletet å gjera må konsekvensane av ei utbygging reknast som små.

Rådmannen meiner at fordelene med ei utbygging i sum vil bli større enn ulempene under føresetnad av at minstevassføringa vert sett lik 5-persentilen.

Utval som har vedtaksmynde:

Kommunestyret

Fakta:

Luster Småkraft AS har søkt NVE om løyve etter vassressurslova § 8 til å byggja Ugulsvik kraftverk og etter energilova om løyve for elektriske anlegg i kraftverket og høgspennet overføringsanlegg for samankopling med eksisterande 22 kV linje. Søknaden har lege ute på høyring på servicetorget i rådhuset med frist for fråsegn 06.10.2013. For Luster kommune er fristen sett til etter kommunestyremøtet den 07.11.2013.

Etter høyringsfristen får søkjar høve til å kommentera innkomne fråsegner. NVE står fritt til å vurdera om det skal gjevast konsesjon, og kva vilkår som i såfall skal knytast til denne. Vilkåra kan omfatta reglar om byggjefristar, vasslepping, godkjenning av planar m.o.t. miljø og tryggleik, tersklar, erosjon, naturforvaltning, forureining, fornminne, samt kva sanksjonar som skal iverksetjast ved ev. brot på fastsette vilkår.

NVE si avgjerd kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan tre veker etter at melding om vedtaket er motteke.

Føremålet med høyringa er å få synspunkt på dei framlagde planane. NVE ønskjer synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller avgrensingar i planane, samt forslag til avbøtande tiltak som kan redusera ev. skader ved gjennomføring.

Hydrologiske utrekningar for prosjektet er utført av BKK Rådgjeving, rapport om biologisk mangfald og tekniske-/økonomiske verknader for miljø, naturressursar og samfunn av Luster Energiverk AS. Ut over dette er området omtala i miljørapport frå Aurland Naturverkstad DA av 2006 i samband med utarbeiding av kommunedelplanen for små kraftverk i Luster.

Hovuddata for kraftverket

DATA FOR TILSIG	
Nedbørfelt	4,7 km ²
Middelvassføring	0,29 m ³ /s
Alminneleg lågvassføring	0,025 m ³ /s
5-persentil sommar (1/5-30/9)	0,110 m ³ /s
5-persentil vinter (1/10-30/4)	0,020 m ³ /s
DATA FOR KRAFTVERKET	
Inntak på kote	830
Avlaup på kote	176
Lengde på råka elvestrekning	1 500 m
Fallhøgde brutto	654 m
Midlare energiekvivalent	1,09 kWh/m ³
Slukeevne max.	0,58 m ³ /s
Slukeevne min.	0,03 m ³ /s
Tillaupsrøyr, lengde	1 490 m
Tillaupsrøyr, diameter	500 mm
Installert effekt, max.	3,1 MV
Brukstid	3 200 t
DATA FOR PRODUKSJON	
Produksjon, vinter (1/10 – 30/4)	2,46 GWh
Produksjon, sommar (1/5 – 30/9)	7,44 GWh
Produksjon, årleg middel	9,90 GWh
DATA FOR ØKONOMI	
Utbyggingskostnad	34,8 mill. kr
Utbyggingspris	3,52 kr/kWh

Sjølve planen

Inntaket er planlagt med inntaksdam i betong med største høgde på om lag 3 m og ei damkrune på omlag 20 m lengde. Areal som vert neddemt er rekna til omlag 400 m² og damvolumet til 600 m³.

Frå inntaksdammen er det planlagt eit trykkrøyr med diameter 500 mm i 1 490 m lengde ned til kraftstasjonen. Frå inntaket på kote 830 til kote 530 skal røyrret nedgravast, frå kote 530 til kote 405 skal det plasserast på betongfundament i dagen og vidare ned til kraftstasjonen skal det gravast ned. Etablering av vassvegen vil krevja maskintransport langs røyrkata der ho skal gravast ned. I øvre del vil transport av materialar og maskiner skje ved hjelp av helikopter, i nedre del er det planen å byggja ein anleggsveg i slyngar opp lia langs røyrkata med stigning 1:8, kring 1 700 m.

Kraftstasjonen vil liggja på oppsida av fylkesvegen like nord for utlaupet av Vikaelva og er planlagd med ei minste slukeevne på 0,03 m³/s og ei største slukeevne på 0,58 m³/s. Utforminga av bygget vil bli etter same mal som Kvåle Kraftverk, storleik 70 – 80 m². I søknaden er det forutsett slepping av minstevassføring på 25 l/s heile året.

Kraftverket er planlagt tilkopla eksisterande 22 kV-linje i området gjennom nedgraven kabel på om lag 70 m.

Eigedomstilhøve

Alle fallrettar og andre rettar som er påkrevd for å kunna gjennomføra omsøkt utbygging ligg til grunneigararen i området som har inngått avtale med Luster Småkraft AS om utbygging og drift av kraftverket.

Tilhøve til overordna planar

I arealdelen til kommuneplanen er prosjektområdet definert som LNF-område.

I kommunedelplanen for småkraftverk, som skal vera retningsgjevande for kommunen si handsaming av utbyggingsprosjekt, er vassdraget plassert i "Gul konfliktsone". I dette ligg det at området har nokre sterke interesser som det må takast omsyn til, og at utbygging av kraftverk i slike område må ta omsyn til dei almenne interessene og planleggjast med avbøtande tiltak.

Verknad for miljø, naturressursar og samfunn

Vasstemperaturen i elva mellom inntak og avlaup vil kunna bli noko høgare om våren og sommaren og noko lågare om hausten og vinteren etter utbygging. Vasstemperatur og istilhøve i Veitastrondsvatnet vil ikkje bli endra. Det er heller ikkje rekna med endringar i lokalklima som følgje av utbygginga.

Biologisk mangfald og verneinteresser:

Det er ikkje funne viktige naturtypar eller raudlisteartar i området, men endra vassføring i elva kan koma til å påverka artar som er direkte knytt til vassføring og råme frå elva permanent. Tiltaket påverkar ikkje verneområde, men reduserer INON-område sone 2 med kring 1 570 daa og INON-sone 1 med kring 33 daa.

Samla verknad av utbygginga for denne miljøkvaliteten er rekna til «lite/middels negativ» (-/-) konsekvens.

Fisk og ferskvassbiologi:

Elva er ikkje fiskeførande. Det er berre i utlaupsosen at det står fisk. Tilhøva ved utlaupet vert ikkje endra. Totalkonsekvens «lite negativ» (-).

Landskap:

Elva er godt synleg frå FV 337 og redusert vassføring vil merkast sjølv om elva renn på fjell og også syner godt ved låg vassføring. Vegen som skal byggjast langs nedre del av vassvegen og sjølv røygata, særleg på strekninga ho ikkje skal gravast ned, vil også syna att. Spora vil gradvis bli redusert etter kvart som terrenget gror att.

Konsekvensen for landskap er vurdert som «middels/stor negativ» (--/---).

Kulturminne og kulturlandskap:

Totalkonsekvens «lite negativ» (-).

Landbruk:

Anleggsvegen for bygging av nedre del av vassvegen vil gjera det lettare å ta ut trevirke i ettertid. Konsekvens «lite positiv» (+).

Vasskvalitet, vassforsynings- og resipientinteresser:

Konsekvens «ubetydeleg» (0).

Brukarinteresser/friluftsliv:

Konsekvens «liten negativ» (-)

Samfunnsmessige verknader:

Ei utbygging vil gje noko auke i skatteinntektene til Luster kommune. Likningsverdi lik utrekna utbyggingskostnad vil gje eigedomsskatt på kr 240 000 første året. Framtidig falleige vil styrka næringsgrunnlaget på eigedomen som sit med fallrettane og generera noko skatt til

kommunen. Prosjektet vil dessutan gje noko lokal sysselsetjing i anleggsperioden. Det er ikkje påvist negative samfunnsverknader av prosjektet.

Vurdering:

Som det går fram av karaktersetjinga av vassdraget i kommunedelplanen, "gul konfliktsone", er det nokre sterke interesser i området som må takast omsyn til ved utbygging av kraftverk. Dette gjeld først og fremst dei landskapsmessige konsekvensane som følgje av fråføring av vatn frå det naturlege elvelauget.

Utbyggjaren føresler som avbøtande tiltak å sleppa ei minstevassføring heile året lik alminneleg lågvassføring. Om sommaren tilsvarer dette mindre enn 25% av 5-persentilen. Rådmannen meiner dette er for lite og at det bør setjast som krav for konsesjon slepping av minstevassføring lik 5-persentilen både sommar og vinter som vilkår for konsesjon, dvs. 110 l/s om sommaren og 20 l/s om vinteren.

For andre område enn dei som har med landskapsbiletet å gjera synest konsekvensane av ei utbygging å vera små.

Under føresetnad av at minstevassføringa vert auka opp til 5-persentilen meiner rådmannen føremunene med ei utbygging i sum vil vera større enn ulempene og vil tilrå konsesjon på slike vilkår.

Dato 20.10.2013

Jarle Skartun
rådmann

Steinulf Skjerdal
landbrukssjef

Særutskrift skal sendast:

NVE, Konsesjons- og tilsynsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo
(sendt som vanleg brev til postadressa ovanfor og elektronisk via
www.nve.no/konsesjonssaker og e-post til: nve@nve.no)

m/kopi til:

... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑